

# Referat Årsmøte NHDK 2011

---

## Vedlegg 1

### Årsmelding frå Nordhordland Dykkarklubb 2010

I år har det vore større aktivitet enn på mange år, det har vore fellesturar med godt oppmøte. Kan nemne DiversNight og Havsportveka 2010. Turansvarleg har vore aktiv og har arrangert flotte turar. Det går rykte om god mat og kjempestemming på alle turane.

Det er blitt sendt ulike søknadar om støtte til sikringsbåt (fekk tilslag frå NDF). Ulike sider ved Nitrox fulling er vurdert, men er stemt ned av styret på grunn av at innkjøp av båt har prioritet.

- O2 koffert er oppgradert og er no i tipp topp stand, alle må behandle den godt.
- Klubbens båt har blitt reparert då det var lekkasje i ein patong, men har vore i javnt bruk gjennom heile året.
- Kompressoren har godt jamt og trutt. Ingen større reperasjonar i år, kun nødvendig vedlikehald. Flaskebanken blei godkjent for nye 10 år etter sjekk og trykktesting.
- Luftfyllerlister er oppdatert med alle som er fyllevakt, oppdatert liste er på nettet [www.nhdk.no](http://www.nhdk.no)
- Oppgradering av fylleinstruks og HMS rundt fylling av luft.

Det er blitt halde 4 styremøte og styret har elles hatt kontakt ved behov.

Laget følgjar arbeidsmiljølovas reglar og jobbar for eit godt arbeidsmiljø. Styret er ikkje kjent med at det ytre miljø forureinast i vesentleg grad på grunn av vår aktivitet og klubben tek sikte på at det ikkje førekjem forskjellsbehandling på grunn av kjønn.

Det er i løpet av året ikkje blitt rapportert om noko uhell i klubbregi eller av NHDK's medlemmar i forbindelse med dykking.

Tilbodet om støtte til Recuediver kurs er ikkje brukt i år.

Web-sida våre og Facebook blir brukt. Det er fleire som er inne å brukar gjesteboka og ser etter informasjon om klubben. Nokre nye innmeldingar kjem også frå heimesida. Ny URL adresse er [www.nhdk.no](http://www.nhdk.no)

Vi har pr. 31.12.2010, 64 medlemmar som er 6 opp frå fjoråret.

Økonomien i klubben er bra med bidrag frå Statoil Mongstad. Det har vore eindel dugnad som har gitt pengar i kassa. Ingen store utgifter i år. Sjå elles regnskap og kommentarar frå kasserar.

For Styret NHDK  
Formann, Rune Løvoll

Lindås 14. februar 2011